



Alexander spelar i skulekorpset. (Foto: Kvinnheringen)

**Alexander Pettersen Fredheim (12) i Rosendal fekk heile premien på 60.000 frå eit legemiddelfirma og dermed fekk han draumen oppfylt om ein ny euphonium til 55.000 kroner. No takkar han alle som stemte på han og det gjorde også mange i Uskedalen.**

- Tusen takk til alle som har stemt på meg slik at eg får draumen min oppfylt, skriv han til uskedalen.no.

Det var legemiddelfirmaet Bayer som lyste ut ei tevling blant diabetespasientar. Fem finalistar vart plukka ut etter søknad og Alexander var ein av dei. Frå 15. april til 15. mai hadde publikum høve til å stemma fram ein vinnar av dei fem og Alexander gjekk altså heilt til topps.

Og no varer det truleg ikkje lenge før Alexander er på plass i skulekorpset med det nye instrumentet sitt. Han har mange vener i Uskedalen, ikkje minst i vårt skulekorps. Førebels har han ikkje fått pengane, men han får truleg besøk av representantar frå Bayer snart.

Av Ola Matti Mathisen